

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no

**Sendt:** 19.03.2018 15:06:00

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:** Gerd Kjersti Ytre-Arne

**Emne:** Svar - Elevar på påbygg og tilbod om programfag - breddeindrett

**Vedlegg:**

Hei

Vi viser til e-posten av 16. mars med spørsmål om å plassere programfag fra utdanningsprogram for idrettsfag inn i tilbodet om påbygging til generell studiekompetanse Vg3.

Etter forskrift til opplæringslova § 1-3 om fleksibilitet i fag- og timefordelinga, så kan skuleeigar leggje fag på andre trinn enn det som er fastsett i fag- og timefordelinga. I rettleiaren "Fleksibilitet i fag- og timefordelinga" fra Utdanningsdirektoratet står følgjande:

*Nå kan fylkeskommunene legge fag på andre trinn enn det som framgår av tabellene i den nasjonale fag- og timefordelingen. Fagene må tas i den rekkefølgen som framgår av læreplanen. Grunnen er at progresjonen i faget skal vektlegges. (...) Fylkeskommunene kan bare flytte hele fag mellom trinn.*

Slik Fylkesmannen forstår forskrifa og direktoratet si presisering, så inneber ikkje fleksibiliteten det å leggje inn andre heilt andre fag i utdanningsløpet enn det som går fram av tabellane i Udir-1-2017, til dømes programfag fra andre utdanningsprogram enn programfag fra studiespesialiserande utdanningsprogram på påbygg på Vg3. Ein kan flytte på fag mellom trinna, ta inn ekstra fag eller utvide timetalet til dømes i fellesfaga, men ikkje skifte ut eitt fag med eit anna.

Dersom skulen ønskjer eit slik alternativ, meiner vi at det må søkast om forsøk etter opplæringslova § 1-4.

Med venleg helsing

Jon Fjeldstad  
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland  
utdanningsavdelinga  
tlf: 55 57 22 54  
[www.fylkesmannen.no/Hordaland](http://www.fylkesmannen.no/Hordaland)  
[Abonner på nyhende fra Fylkesmannen](#)  
[Send melding til Fylkesmannen](#)